

Osterøy idrottslag

utdrag av 80 års historie v/Vidar Simmenes

15. februar 1998 fylte Osterøy Idrottslag 80 år. Sjølv om laget i starten "berre" dreiv med friidrett, så kom ski og fotball også tidleg med på programmet. Seinare har laget utvikla seg til eit "allidrettslag" der særvidretten vert ivareteke av eigne grupper med styre og årsmøte. Samordning og overordna leiing vert teke hand om av eit hovudstyre og årsmøte.

Det er teke vare på ein god del skriftleg materiell heilt tilbake til 1918.

20 og 25 årssoga skreiv Olai Småland/Audfinn Hammer og Sverre Hausberg. I laget sin mellomperiode er det og mykje godt materiell, takka vera Ivar O Reigstad som skreiv 40, 50 og 70 årssoga. I den siste bolken (laus-bladtida) er det diverre meir varierende kvalitet..

Det var difor svært gledeleg laget sin noverande fremste seniorutøvar i friidrett Bjarte Vik som var student ved Stavanger Lærar-høgskule 90/91 valde å skriva om idrettshistorisk tema med utgangspunkt i Osterøy I.L. sin historie d.v.s. Skarphedin perioden 1918-1929. Forutan skriftleg materiell frå lagsarkivet har Bjarte også hatt samtalar med fleire av lagets eldste og mest markerte personar.

Sær oppgåva til Bjarte er på 90 sider og er eit sær viktig dokument i lagsarkivet.

Einar Vevle som har hatt hovudansvaret for å registrera opplysningar om lagspremiar har utført eit betydeleg og viktig arbeid . Ingunn Rongved har levert inn dokument og skriv som ho hadde teke vare på etter faren Johannes O Borge som var laget sin første leiar. Til lagsarkivet er også innlevert referatbøker frå fleire grupper.

I tillegg til dette er det fleire som har gjeve såvel premiar som utstyr/klede til lagsarkivet.

Alle protokollar og andre viktige dokument er kopiert. Original dokument er lagra trygt i Sparebank 1) Vest avd. Osterøy.

Det er enno ein del materiell som truleg ikkje er innlevert og som bør få sin plass i lagsarkivet. Dette gjeld såvel skriftleg materiell som klede/utstyr/gjenstandar som kan knytast til I.L. Skarphedin/Sterkodder/Mjeldalen/Osterøy.

Gruppeleiarane er dei siste åra oppmoda til å samla/skriva litt om eiga gruppa spesielt etter 1970. Ikkje alle gruppene har vore like flinke, men det er ikkje for seint enno. Vonar at gruppene tek dette meir på alvor og at det vert peikt ut personar i dei ulike gruppene som får oppdrag å skriva om gruppene.

Referatbøker har vore skreve sidan 1918. Bøkene er sjølv sagt prega av den/dei som skreiv og kva idrett som var mest interessant. Kvaliteten og truverdigheiten kan vera varierende. Det var periodar der referatbøkene kunne vore betre. Men i det store og heile er dei fleste åra godt dekkja.

Det som vert presentert her er såleis eit lite utdrag/emne frå ei lagsoga som eg håpar skal koma ein gong i framtida.

KORLEIS LAGET KOM I GANG

Før idrottslaget "SKARPHEDIN" var skipa, var det dreve idrettstrening kringom i bygdene. I 1908 dreiv Johannes O Borge trening med skulegutar i gymnastikk og idrett. Treningsplassen var for det meste i Sandviki på Borge. Det var og mykje på tale å skipa eit turn- og idrettslag i Hauviki.

I tre år 1909-1911 var det kvar 17. mai stafettlaup mellom ungdomslaget "Fram" Hauge, og Solbjørg ungdomslag. Det var med 10 mann frå kvart lag. Det var også tevling for einskild-mannen i løp og hopp. Desse stafettløpa og tevlingane skapte mykje av idrettsinteressa. I Lonevåg var der eit treningslag som dreiv trening i friidrett i Loneneset. Ein del av dei som var med i Loneneset flytta til Fitje med treninga og dei skipa der idrottslaget "HUGIN" som sovna inn på 20 talet.

Turn og Idrottslaget Skarphedin vart skipa 15.2.18.

I 1928 gjekk ein del medlemmer ut or laget og skipa idrottslaget Sterkodder.

Det vart ikkje nokon varig uvenskap, slik som så mange andre stader. Laget søkte tvertimot samarbeid med "Sterkodder" ved første høve, og grannelaga har arbeidt sers godt saman. "Sterkodder" - gutane har fått bruka plassen når dei ynskte både til trening og tevling. Ved einskilte høve har også gutar derifrå starta for "Skarphedin". står det i lagsoga til Sverre Hausberg

Frå 12.4.1946 har lagsnavnet vore Osterøy idrottslag. Navneendringa skjedde i samband med at laga Skarphedin, Mjeldalen skilag og Sterkodder slo seg saman og tok lagsnamnet Osterøy I.L.

Namnet "Skarphedin" var typisk for denne tidsbolken. Særleg i tida før og etter 1905 var namn med nasjonalistisk tilsnitt vanlege. Som mange andre lagsnamn er "Skarphedin" henta frå den norrøne gudelæra.

Fleire av dei som var med å skipa Skarphedin i 1918 kom frå Solbjørg Ungdomslag. Alt i 1920 hadde idrettslaget vorte eit viktig tilskot til organisasjonslivet i Gjerstadsokna. Saman med Solberg UL stod Skarphedin for 17. mai-arrangementet i bygdene.

Dei første lovene til Skarphedin slår m.a. fast at laget skal vera eit fleir -idrettslag. Vidare er helseaspektet teke med. Konkurransen er ikkje nemnd. I paragraf 6 står det at lagslemar ikkje kan syna seg rusa offentleg. Medlem kan kvar heiderleg ungdom vera som har fylt 16 år. Styret har rett å melda ut dei som er laget til skam eller skade.

Vidare

Rusdrikk må ikkje nytast under øvingane eller på stemne, heller ikkje i noko anna høve må lagslemene syna seg rusa. Kvar lagslem pliktar å lyda instruktøren under øvingane.

Skarphedin hadde ingen kvinnelege medlemmar dei første åra. 14.1.34 vedtok laget at jenter kunne melda seg inn i laget.

Det har gjennom åra vore fleire endringar av laget sine lover. Skrivaren vart først frå 1939 styremedlem.

Dei siste endringane vart gjort i 1994. Endringane vart gjort for å få lagslova i samsvar med Norges Idrettsforbund si basislovnorm for idrettslag.

LEIARAR

Sidan starten i 1918 og t.o.m. 1998 har laget hatt 23 leiarar. Lengst leiartid har Åsmund Hagebø med 13 år i perioden 1938-1960. Den første leiaren Johannes Borge har 11 år i frå starten i 1918 og til 1928.

Johannes Borge døydde i 1940, 51 år gamal. Om han står det i årsmeldinga for 1940:

Johannes O Borge såg svært sterk ut. Likevel visste ein at helsa hans ikkje var god. Han var over dei åra då han skulle ut i krig. Men han kunne ikkje sitja i ro heime. Så tok han børsa si av veggen og reiste. Frost og lite svevn, det var nok krigsdagane som gav han den avgjerande knekken.

Olai Småland har 10 år i perioden 1929-1939.

Noverande leiar Svein Lohne kjem deretter med 7 år i perioden 1974-1998. Laget sin første kvinnelege leiar var Ingunn Rongved med 4 år i 89-92. Og då kan vi ta like godt ta med den andre nemleg Kirsten Varden som var leiar i 1993.

1918-1945 var det vanlegvis årsmøte i byrjinga av året. Frå 1946 i slutten av året. Formannstida er då ført opp for påfølgjande år. Frå 1998 er det kalenderåret og dermed årsmøte m.m. i byrjinga av året.

OM UTVIKLINGA

Borge Kromlærfabrikk i Kårvika i Lonevåg har i alle år hatt nært forhold til Osterøy I.L.. Spesielt i mellomkrigstida hadde mange av Skarphedingane sitt arbeid i dette garveriet. I periodar kunne ein faktisk hatt eige idrettslag på bedrifta. At mange av medlemane periodevis arbeidde på same industribedrift hadde også positive følgjer for samholdet i laget. Tilsette i industrien hadde også betre høve til å trenar og konkurrera enn bønder og gardsarbeidarar.

Forutan Johannes Borge og Olai Småland har også fleire av leiarane seinare også hatt sitt arbeid på Borge Kromlærfabrikk. I mellomkrigstida opplevde ein mange harde og absolutt naudsynte arbeidskonfliktar. Det er eit faktum at Borge Kromlærfabrikk var forskåna for mykje av dette, det meste vart i samarbeid funne ei minneleg ordning på. Ein streika ikkje mot formannen i idrottslaget, anten han no heitte Johannes O Borge eller Olai Smaalnd.

Då Olai Smaalnd tok over formannsvervet, fungerte han på same måte som Johannes O Borge som ein slags "bank" for laget. Var det utstyr eller liknande det hasta med, hende det dei tok pengar frå eiga lomme. Dei var ikkje alltid lika nøye med å få attendebetalt. Men Borge og Smaalnd hadde også råd til å ofra pengar på sin store lidenskap i livet. Som henholdsvis eigar og verksmeister på Borge Kromlærfabrikk var dei mellom dei ytterst få i Gjerstad sokna, som kunne gjera dette i mellomkrigstida.

MILEPÆLAR

Viktige milipælar i laget er idrettsbana på Brubakkane (Revheim), Lysløypa på Rolland, Sentralidrettsanlegget på Hatland og klubbhuset same stad.

Osterøyhallen vert nok også ein milepæl for laget og ikkje minst idretten og anna organisasjonsliv i heile kommunen.

men tilbake til BRUBAKKANE

Det vart dreve øvingar i "Ljoshall" på Solbjørg framover våren 1918. Men det synt seg snart at skulle laget ha framgang, måtte det ha seg ein idrettsplass. Det var snakk om mange stader, men dei fann ut at Brubakkane på Revheim måtte vera tenlegaste, då det låg mest sentralt til. I leigeavtalen hadde laget laugarett i vatnet attmed plassen.

Sundag 4. september 1927 var ein stor dag, då kunne laget halda si første opne stemne på plassen: junior KM i friidrett for Hordaland, der på lag 80 mann starta. Etter krava i 1927 og åra framover, var Brubakkane ein etter måten bra idrettsplass og godt brukande. Etter krigen forfall plassen meir og

meir, men var likevel idrettslaget si bane fram til utpå 1970 talet. Tidleg på 80 talet kom sentral - idrettsanlegget på Hatland, idrettsbane på Valestrand og i Haus. Bana på Hatland nyttar Osterøy I.L. til fotball, medan banene på Valestrand og i Haus også vert nytta av Osterøy I.L. til friidrett.

Ivar O. skreiv om Brubakkane slik:

"Brubakkane der mange glupe idrottsmenn har fått sin første elddåp, og som har teke mot så mykje slit og sveitte kunne i 1967 best samanliknast med potetåker og steinrøys. Snart går den over i sagaen og vert gløymd av komande ætter. Berre når me tek fram vår lagssoga vil den vera eit lysande prov på mannsnot og dåd.

LYSLØYPA PÅ ROLLAND

Utbygginga av lysløypa og langrennsløypene på Rolland har pågått i fleire etappar sidan 1976. Den første rundløypa som hadde start og mål nede med veien var omlag 1.5 km. Den første snøscotaren vart kjøpt i 1978. På 80 talet starta arbeidet med utviding i retning mot Havrådalen. Det er og etter kvart kjøpt fleire beltemaskiner som har gjort det mogleg å tilby gode spor til både aktive og vanlege skiløparar. Skihytta/Varmestova nede ved vegen er på 64 m². Der er sett opp hus til beltemaskina. Langs vegen er det også laga parkeringsareal. Oppe i den omlag 3 km lange lysløypa er det også sett opp eit tidtakarbu. (bomhuset på Takvam).

I jubileumsåret vert store delar av løypa grusa og er dermed ei heilårsløypa. Samarbeidet med gode grunneigar har vore avgjerande. Her er det rett å nemna m.a. Lars A Rolland. Gravemaskina til Ole M Mjelde har også utført utruleg mykje gravearbeid.

Det er gjeve fleire hundre tusen kroner i tippemidlar til anlegget. Med berre 10 minuttar biltur frå Indre Arna kan og områda no verta ein utfartsstad for stressa byfolk.

SENTRALIDRETTSANLEGGET PÅ HATLAND

Anlegget på Hatland er det største bane idrettsanlegget i kommunen. Etersom Osterøy I.L. sine fotball -aktivitetar er lokalisert til Lonevåg området, er det naturleg at laget si fotballtrening og kampar skjer her.

LAGSHUS PÅ OSTERØY STADION

Etter stor innsats frå såvel Osterøy I.L. som andre lag og interessegrupper særleg i Lonevågsområdet stod lagshuset ferdig i 1988. Som ved bygging av alle andre idrettsanlegg i Osterøy er også dette huset tilført tippemidlar og kommunenale løyvingar. I tillegg er det gjeve betydelege summar som opprinneleg var tiltenkt forsamlingshus i Lonevågsområdet.

Osterøy I.L. har henta heim mange premiar gjennom åra. I sparebanken Vest sine lokalar i Lonevåg og i lagshuset på Osterøy Stadion er dei ymse "trofea" stilt ut, også frå Skarphedin -perioden. Me tek imot fleire premiar til samlinga.

Medlemstalet var frå starten og i mellomkrigstida inntil 40 medlemmar. I 1945 var det 66 og i 1946 auka til 111. I 1998 er det omlag 600 betalande medlemskap. Ved starten i 1918 var medlemsavgifta kr. 2,00 for vaksne og kr. 1,50 for dei under 18 år. Frå 1929 gjekk prisen ned med 50 øre, og i 1933 vart avgifta sett ned ytterlegare heilt fram til samanslåinga til Osterøy I.L. i 1946.

I 1998 er medlemsavgifta kr. 200,- for vaksne og kr. 75,- for born.

I nokre grupper er det i tillegg treningsavgift o.l.

KVA AKTIVITETAR SOM HAR SÆRPREGA LAGET

Ettersom det er eit idrettslag er det naturleg at konkurranseidretten har vore den dominerande aktiviteten. Laget har også hatt tilbod og plass til det ein kallar fysisk fostring og sosialt fellesskap for større grupper. Frå 1930 vart det dei fleste år skipa til Osterøymeisterskap i ein eller fleire idrettar. Desse arrangementa har gått på omgang når det har vore fleire lag i kommunen som har hatt same idretten på programmet.

Marsj og kappgang var ein dominerande sport i laget på 20 og 30 tallet. Også skihopp har stått på programmet. Handball for kvinner/jenter var ein aktivitet i nokre år i etterkrigstida. Etter krigen vart det også drive orientering. Diverre har denne aktiviteten hatt store svingingar og er no inne i ein av fleire kvileperiodar. Skeiseidretten hadde også sin glansperiode i etterkrigstida med mange stevne.

Gjennom 80 år er det fleire enkeltutøvarar som har hevda seg på nasjonalt plan. I lagidrettar har det i periodar vore for lite samarbeid. Dei fleste og beste innsatsane har kome i typiske enkeltidrettar som friidrett og ski.

I 1998 har laget aktive grupper i Fotball, Friidrett, Ski, Turn, , Trial, Volleyball og i mosjonsidrett.

OM FRAMTIDSPLANAR OG UTSIKTER

For typiske inne -idrettar som volleyball har laget i fleire år kjempa for idrettshall.

Med stadig betre kommunikasjonar og "mindre avstandar" er det Osterøy I.L. sitt ønskje at idrettslaga på Osterøya må verta flinkare til å samarbeida og dermed stå sterkare både sportsleg og for å få ei skikkeleg opprusting av kommunen sitt sentralidrettsanlegg med grasbane og fast dekke på løpebana. Laget vil og arbeida for at det framleis skal vera eit allsidig idrettstilbod.

Litt om dei ulike idrettane/gruppene.

Kva ein skal nemna i nokre få setningar om idrettar som laget har dreve med i nesten heile tida vert kanskje litt tilfeldig.

FOTBALL

"Kampen med lerkula tok til i 1923" skriv Ivar O Reigstad i si 40 årsmelding.

På årsmøte i 1922 vart vedteke at laget skulle skipa eit fotballag. Det skulle stå under idrottslaget sine lover og ha same styre som dette. Laget dreiv med trening og i 1923 vart dei første kampane spelt. I 1924 melde laget seg inn i fotballkrinsen. Men etter krigen har det vore spela kvart år. Ivar O Reigstad skriv i si 40 årsmelding: " Ellers er å seia at det tildels har vore spela nokså bra fotball, men den store susen har det aldri vorte i fotbal-leiren her på Osterøy.". Dette må vel og seiast å vera status idag. I lagsoga står det om etterkrigsspelaren

Bjarne Lone: Truleg den beste spelaren Osterøy har fostra. Ein fargerik spelar og hyperfårleg løpar som ofte fekk fram jubelbrusen på Brubakkane.

SKI og FRIIDRETT

Stafettar og terrengløp

Har i stor grad hatt dei same utøvarane. Friidrett var med frå starten i 1918

I 1924 kom laget med i Hordaland friidrettskrets Dei første åra var pokaltevlingar, mangekamp og terrengløp dominerande. Seinare stafettar og banetevlingar

I Os 20.8.22 fekk me vår første krinsmeister då Eivind Solberg vann tresteg og spyd og Nils Småland høgdesprang..

I 1931 fekk me vår første distansemerkevinnar då Lars O Reigstad i krinsmeisterskapen på Voss sprang 1500m på 4.30.5.

Sidan 1930 vart det skipa til årlege Osterøymeisterskap og lagsmeisterskap..

LAGSREKORDAR:før krigen var relativt sterke og her skal nemnast

60 m Ole Mjelde 7.3 (1935)
lengde Ole Mjelde 6.29 (1935)
60 m Gullbjørg Hammer 8.4 (1935)

av dagens lagsrekord er det vel Bjarte Vik sin 10000m på 29.41.62 og Helga Reigstad sine 47.68 som er sterkast.

Markerte friidrettsutøvar i etterkrigstida var

Olav S Reigstad
Asbjørn Midtun høgde m.a. med bronse og sølv i høgde hoved NM friidrett
Leiv Mjelde
Magnus Borge

Eg vil og nemna dei 4 ungdomane som på Bislett i 1967 vart nr.3 i junior NM på 4x1500m med tida 16.37.8. Dette var i si tid krinsrekord både for junior og senior. Også lagsrekord no.

Øyvind Bysheim, Erling Aasheim, Geir Reigstad og Øyvind Aasheim.

Noverande utøvarar får venta med omtale til 100 års saga.

STAFETTAR:

Laget har i periodar hevda seg godt i stafettløp. I ei tidlegare melding står det

"Osterøy sin styrke er på stafettar med 8-12 etappar og med lengd frå 1000-2000 meter.

Det var mange klassar i stafett. I Brannstafetten fotballklassen heiter det at ein kan ha med 5 fotballspelarar og 5 idrottsfolk.

Frå 1950 deltok Osterøy for 1. gong i Holmenkollstafetten.

nr.14/40 klasse A 54.06 totalt nr. 25 denne stafetten landets største med opptil 200 lag og bortimot 3000 deltakarar

SKI

Første skikonkuranse i laget omtalt i 1923 og i 24 tok laget opp skisporten

Vandrepokalar: Det var sett opp vandrepokalar som måtte vinnast 3 gonger før dei vart vunne til odel og eiga. Kvar vinter i mange år var det tevling om desse pokalane, og det var hard tevling særleg om

langrennpokalen. Dei oppsette pokalane skapte diverre strid år etter år og var truleg medverkande til at Sterkordder vart skipa.

Det var først etter 1946 at Ostringane kom for alvor, Etter Vikingrennet 21.2.48 skreiv Morgenavisen m.a. "Har Osterøy langrenshengemoniet ? Strålane innsats av Hartveit og Co." Sverre Hartveit sigra ved dette høvet som så mange gonger elles. Han var ein framifrå langrennsløpar som kan syna attende til mange fine prestasjonar. Sverre Hartveit var og kretsen sin beste spydkastar i fleire år etter krigen.

Vår mest kjende og beste skiløparar var truleg Øystein Vevle, Leiv Mjelde. og Vinjar Borge.

SKIHOPP

har ikkje vore drive så mykje hjå oss. Dette kjem vel helst av at det har vanta ein høveleg hoppbakke. Vår beste hoppar har vore Sverre Kaland som i 46 og 47 var med i ein del tevlingar. Hans lengste hopp er 45 meter som også er lagsrekord.

KAPPGANG

Laget vart i 1928 med i Bergen og Hordaland distrikt av Norges Gangforbund.

Marsj og kappgang har også hatt si glanstid i laget. På 20 og 30 talet hadde laget utøvarar som hevda seg på topp nasjonalt.

Åra 1924-34 var ei stortid for marsj med pakning her i landet, då det ved einskilde stemne kunne starta opp til 1400 tevlrarar.

Det er Johannes og Anfinn Tvedt som var våre fremste kappgangarar og hevda seg utover krinsen.

Om Viking marsjen i 1935 står det at Johannes låg godt plassert radt til 200 m frå mål då han stupte av trøytteleik.

det var Lærer Sverre Hausberg som var forkjempar for kappgang og han hadde stor innverknad for at det ei tid var stor interessa for denne greina i laget.

Etter krigen har det i lita vore drive med marsj eller kappgang.

kor fort gjekk dei?

5000 m Johannes Tvedt 23.12 (1936)

30 km Johannes Tvedt 2.43 (1936)

10 km Gullbjørg Hammer 63.11 (1935)

ORIENTERING

Det vart teke til med orienteringsløp i 1945, og i dei første åra var interessa stor og det var mange deltakarar av baa kjønn i dei fleste tilskipingane. Gruppa har ellers vore opp og nedlagt fleire gonger. Sist nedlagt frå 1.1.95.

SKEISER

På 20 talet og nokre år etter krigen var det skeiseaktivitet. Også Osterøy-meisterskap. Johannes Loftås er innehavar av samtlege lagsrekordar som er:

500 50.9 1500 2.42.9 og 5.50.0 på 3000m

12. TURNGRUPPA

Turngruppa "starta" i 76 ved val av interimstyre.

Utstyr vart skaffa ved hjelp av dei store turnforeningane i Bergen

Dei første åra var medlemstalet ca. 80. I jubileumsåret er det nærare 200.

Turngruppa har investert i ein del apparat og utstyr som no får sin plass i hallen her.

Før jul kvart år arrangerer turngruppa juleoppvisning. Dette er noko ungane gler seg til heile hausten. Her får dei visa fram til slekt og vener, det dei har lært. Ein tradisjon som har vore sidan 1979. Det er ikkje fritt for at mange alt no ser fram til juleoppvisninga om eit halvt år.

VOLLEYBALL

Volleyballgruppa vart skipa i 1980. Fyrst var det snakk om å starta med håndball, men det vart volleyball for jenter/kvinner i staden.

I 1983 byrja Kristin Thue Øvsthus som spelande trenar for laget i 4. Divisjon, og etter to år var laget klart for 2. Divisjon. Seinare har laget vandra litt mellom 2. og 4. divisjon.

Forsøk med Volleyball for gutar har ikkje gått bra.

Medlemstalet låg i starten på 30 - 40 personer. I dei siste åra har

medlemstalet vore under 20.

Volleyballaget skal frå hausten av spela i landets nesthøgaste divisjon. Det kunne ikkje passa betre enn at opprykk og hall kom samstundes.

Frå 1999 er det skipa handball gruppa i laget.

TRIAL

er siste tilvekst til laget. Dei har sin hovedbase og aktivitetar i gruveområdet på Litland. Det er alltid spanande å sjå når dei syner sine kunstar slik dei har også idag gjer utanfor hallen her.

JOGGEBØLGA

kom også til Osterøy.

Frå 80 talet dukka det løp her og der.

Stemmeseggi, Ole Bull, Lonevågsmil, Bruløp osv.

Største aktiviteten på dette området finn vi i

VALESTRANDSGRUPPA som vart oppretta i 1978

Over 15.000 resultat registrert i Valestrandsmarka rundt. Ansvarleg saman med Valestrand skule for Maistafetten. Gruppa er særst stolt av "joggedamene" som er gruppa sitt flaggskip.

LAGSAVIS informasjon.

Hovedstyret gav tidleg på 80 talet og i nokre år ut eit medlemsblad. Ellers er det i stortsett gruppene sjølv som har stått for informasjon om seg sjølv.

LAGS/DRAKTFARGAR

I brev frå Hordaland Fotballkrets 8.7.1925 står det:" Herved gjøres De kjendt med at Deres antatte drakter er aprobeert av Norges Fotballforbund.

I 1923 fekk me lagsmerke og lagsdrakter. Merket er av sølv med to bilor i kross og namnet "Skarphedin" ovanfor. Draktene er ljósblåe. Fotballspelarane har kvit kant kring halsen på skjorta.

Kva som eigentleg er laget sine fargar i meldingsåret kan ein lura på. Dei fleste gruppene har eigne drakter og ulike fargar. Spesielt dei unge er nøye på at draktene og det ein går i må vera moterett og fancy eller kva det heiter.

SPONSORAR

Laget og gruppene har oppgjennom åra hatt mange sponsorar og støttespelarar. I nyare tid og jubileumsåret er det Sparebank 1) som er hovedstyret sin hovudsponsor. I historisk samanheng er det vel Borge Kromlær som har ytt mest for laget.

Eit eksempel på tiltak for å skaffa inntekt i framtida var

SKOGPLANTINGA saman med ungdomslaget "FRAM" på 20 talet.

I jubileumsåret er det store verdiar laget forvaltar. Årsomsetnad på over 1 million kroner. Hus og skianlegg til fleire millionar.

Vel dette var ei lita reise gjennom laget frå starten og fram til no. Om eg har vore innom dei rette stadane eller hatt andre missar må eg be om årsaking for det.

HEIDERSTEIKN:

Desse har fått tildelt laget sitt heidersteikn i bronse:

1990 (1-11) Øyvind Litland, Vidar Simmenes, Svein K Lohne, Karl Johan Reigstad, Kirsten Varden, Mondrad Myking, Svein Refsnes, Magne Skistad, John Bernes, Magnus Mjelde, Jostein Hagebø

1991 (12-17) Bjarne Bergheim, Geir Kollvangnes, Jørgen Varden, Kristin Thue Øvsthus, Kjetil Loftås, Arvid Rolland

1992 (18-22) Inge J Reigstad, Bjarne Langhelle, Norodd Helle, Eli Vevle, Henning Kollvangnes

1993 (23-26) Jane Kollvangnes Tønjum, Johnny Solberg, Målfrid Vevle Lone, Ragnhild Tufta.

1994 (27-31) Monica Eikeland, Merethe Antun, Arne Mjelde, Geir Atle Mjelde, Bjarte Lohne

1995 (32-36) Ingunn Rongved, Tore Kvalvik, Øyvind Aasheim, Anders Trefall, Rune Vassdal

1996 (37-48) Espen Tønjum, Nina Skjerpung, Trude Jacobsen, Askjell Hjellvik, Eivind Solberg,

Tore Langeland, Olav Sturle Lone, Kjell Løtveit, Randi Kleppe, Signe Hannisdal, Magne Vikne, Siv Merethe Vevle,
2001 xx-xx)

Desse har fått tildelt laget sitt heidersteikn i sølv:
2001 (xx-xx)

ÆRESMEDLEMMER:

1. Olai Bertin Antun	120280	190657	utnemnd 5 års jub i 1923
2. Johannes O Borge	080889	241140	utnemnd 20 års jub i 1938
3. Olai Småland	281098	240790	utnemnd 25 års jub i 1943
4. Åsmund Hagebø	120910	Xxxx00	utnemnd 50 års jub i 1968
5. Ivar O Reigstad	230320	010690	utnemnd 70 års jub i 1988
6. Sjur S Lohne	061020		utnemnd 70 års jub i 1988
7. Leiv Mjelde	020934		utnemnd i 1993
8. Johannes Loftås	281024		utnemnd i 1993
9. Monrad Myking	020633		utnemnd i 1993
10. Asbjørn Reigstad	xxxx18		utnemnd 80 års jub 1998
11. Olav O Reigstad	xxxx12		utnemnd 80 års jub 1998
12. Einar Vevle	xxxx19		utnemnd 80 års jub 1998